

## Forslag frå styret til årsmøtet 24.3.2020



## Bryne kunstforening

### Retningslinjer for kunstnarleg råd i Bryne Kunstforening

#### Føremål

Kunstnarleg råd (KR) skal bidra til å vidareutvikla kunstnarleg kvalitet i kunstformidlingsarbeidet til Bryne Kunstforening (BKF)

#### Ansvar

KR skal gi råd til styret i BKF. Det er styret som har ansvar for alle beslutningar og som etter vedtektene forplikter foreninga.

#### Medlemmar av kunstnarleg råd

Det er styret i BKF som oppnemner medlemmer til KR. Medlemmane bør ha aldersmessig spreing og gjerne represente ulike kunstnarlege uttrykksformer. Medlemmane i KR vert oppnemnd for to år og kan gjenoppnemnast ein gong. Oppnemninga skal skje seinast andre styremøte etter årsmøtet.

Rådet skal bestå av 3-5 medlemmer med kunstfagleg bakgrunn og/eller er utøvande kunstnarar med medlemskap i ein kunstnarorganisasjon. Deltaking i anerkjent juryert utstilling er eit pluss. Eit styremedlem frå BKF skal vera med i KR og ha ansvar for å tilretteleggja arbeidet og dokumentera aktiviteten i KR og begrunnelsane for dei råd som vert gitt.

#### Oppgåver

KR skal gje råd til styret om utstillingsprogram i Bryne kunstforening. Planleggingshorisonten er eitt år eller lenger. KR skal ta utgangspunkt i BKF sitt kunstnarlege program slik det kjem fram i årleg handlingsplan.

Arbeidsoppgåver:

- gjennomgå søknadar om utstillingsplass
- vurderer forslag som er kome opp frå medlemmar, styret eller andre
- foreslå på eige grunnlag aktuelle kandidatar eller prosjekt det kan arbeidast med på kort eller lang sikt.
- Kan etter beslutning og i samråd med styret ta første kontakt med aktuell kunstnar

#### Habilitet

Medlemmer av KR kan ikkje vera med i behandling av eigne søknader eller søknader og forslag som gjeld nærstående. Den enkelte i samråd med KR må sjølv ta stilling til inhabilitet. Forvaltningslova sin definisjon av inhabilitet vert lagd til grunn.